



Landbruks- og matdep	Postboks 25
Saksnr: 06/143	Deport: 38
	4358 Kleppe
	Tlf 51 42 98 00
Mottatt: 27 APR 2006	MP/SØØ
Saksbehandler: MBB	Arkiv: 713
	Avskrift:

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Hovudutval for lokal utvikling

Sak nr 61/06

Saksbehandler: Morten Malmin
Arkivsak: 06/212-6

Arkiv: V52 &00
Møtedato: 18.04.2006

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING - LOV OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har i brev av 15. februar 2006 sendt på høyring forslag til endring av Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell, heretter kalla dyrehelsepersonelloven.

Formålet med lovendringa er at ansvaret for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og ansvar for klinisk veterinæravakt vert overført frå stat til kommune. Dyrehelsepersonell er i lova definert som personar som har autorisasjon eller lisens etter §§ 4 og 5 i dyrehelsepersonelloven. Veterinæravakt er definert som sikring av tilgang på veterinærhjelp på kveld, natt og i helg/høgtid.

Ansvaret for tiltak mot smittsame dyresjukdommar og oppfølging av dyrevernsaker følgjer anna lovverk (matlova og dyrevernslova). Forvaltninga av desse oppgåvene vert ikkje omfatta av føreslått ansvarsoverføring.

Etter forslaget frå departementet vil kommunane få eit utvida ansvar i høve til det ansvaret staten har i dag, i og med at det ikkje vert omtalt som eit overordna ansvar. Ansvaret vert meir direkte ved at det vert knytt til ei plikt for kommunen til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Korleis kommunane skal sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, vert opp til den enkelte kommunen å bestemme. For at det skal kunne verte tilfredsstillande tilgang, må tenesta omfatte ein døgnkontinuerleg tilgang på ei slik teneste.

Departementet skriv at ei overføring av ansvar til kommunane, gjer at ansvaret kjem nær brukarane og dei faktiske behova. Dei lokale behov bør difor kunne løysast på ein god måte ut frå dei lokale forholda.

Både administrasjon av ansvaret for å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell og administrasjon av ei vaktordning for dyrehelsepersonell, vil gi ein del administrative kostnader for kommunane. Samstundes vil Mattilsynet verte fritakne frå ansvaret med å administrera dagens vaktordningar. I 2006 er det budsjettet med nær 80 mill. kroner til vaktordningar for veterinærer. Departementet ser det vil vera nødvendig med ein moderat auke for å få ei tilfredsstillande/forsvarleg ordning for klinisk veterinæravakt.

Vidare har regjeringa ambisjon om at alle nye oppgåver som vert pålagt kommunal sektor skal vere fullfinansiert. LMD tek sikte på at både midler til klinisk veterinærvakt og midler knytt til det nye ansvaret for tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, skal inngå i rammetilskotet til kommunane, evt. etter øyremerking av tilskot i ein overgangsperiode. Dei økonomiske sidene av ansvarsreformen vert nærare omtalt i kommuneproposisjonen som skal leggjast fram våren 2006.

Vurdering:

Ei endring i lova som føreslått vil gi kommunane auka ansvar både økonomisk og administrativt. Samstundes får kommunane større rom for lokale tilpassingar, som kan betre tilbodet. Dei økonomiske sidene vil her verte avgjerande. Sidan dei økonomiske sidene ikkje er avklart, er det nærast umogleg å ta standpunkt til om ein skal vere for eller imot føreslått lovendring.

Det kan sjå ut som LMD langt på veg har forskottert at forslag til lovendring vert vedteke. Dersom det kjem ei lovendring som inneber at kommunen får større ansvar, vil storleiken av auke i rammetilskot eller øyremerka tilskot verte avgjerande for kor god løysinga vert. Fordeling av midler/tilskot bør skje etter tal dyr av husdyrslag der det er spesielt viktig med døgnvakt av dyrehelsepersonell (kyr og avlspurker). Dette avdi tal dyr vil stå i høve til trong for tenester frå dyrehelsepersonell utanom ordinær arbeidstid.

Vedlegg:

- Brev frå Landbruks- og matdepartementet, av 15.02.2006
- Brev frå ordførarane i Klepp, Time og Hå, av 22.02.2005

Innstilling:

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

1. Hovudutval for lokal utvikling er kjend med forslag til endring av *Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell* som inneber at kommunen får ansvar for klinisk veterinærvakt. Sidan dei økonomiske sidene ikkje er avklart i høyringsforslaget, ønskjer ikkje hovudutvalet å ta stilling for eller imot forslaget.
2. Dersom forslag til endring vert vedteke, må kommunane tilførast midler både til sjølve ordninga og til administrasjon av denne. Midla må fordelast i forhold til tal dyr av husdyrslag der det er spesielt viktig med døgnvakt av dyrehelsepersonell (kyr og avlspurker).

Hovudutval for lokal utvikling den 18.04.2006 sak 61/06

Behandling:


Utdelt i møtet:

- Uttale frå Den norske veterinærforening motteke 07.03.06.
- Brev frå Den norske veterinærforening til ordføraren motteke 23.03.06.

Samrøystes VEDTAK:

Tilrådinga vart godkjent.

Klepp kommune, 20.04.2006


Arild Børge Skjæveland
leiar


Wigdis B. Detlie
sekr.

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo

Den norske veterinærforening, Postboks 6781 St. Olavs pl., 0130 Oslo